



## Referatsak

Dato: 22.04.2014  
Arkivsak: 2014/15468-1  
Saksbehandlar: oydziem

---

**Til:** Opplærings- og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Utfordringar knytt til rekruttering til helse- og sosialsektoren – svar på spørsmål.

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 19.03.14 der hhv Aslaug Hellesøy og Jane Stangeland sette fram følgjande forslag:

«Rekruttering til helse- og omsorgsfag: Seminar der ein ser på alle sider av rekrutteringsutfordringane. Vurdering av: Aktuelt å bruka kompetansebevis «delkompetanse» - praksisbrev? Stimuleringstiltak? Auka fokus på språkopplæring?»

«Få ei sak/diskusjon i seminar/om utfordringane når det gjeld rekruttering og utdanning til helse- og sosialsektoren. I den samanheng også vurderer ulike tiltak innan vaksenopplæring for å auke kompetansen inkludert språkkompetansen.»

Med bakgrunn i forslaga har Fylkesrådmannen v/Opplæringsavdelinga sett ned ei arbeidsgruppe med hovudformål å vurderer kva Hordaland fylkeskommune kan gjera for å betra rekrutteringa til helse- og sosialsektoren.

Rekruttering til helse- og omsorgsyрка er ei stor og kompleks sak. Opplæringsavdelinga har vore i kontakt med KS Hordaland, og det er behov for å bruka tid på å samarbeida/samordna ulike rekrutteringstiltak. Sak om rekruttering vert lagt fram som sak i OPHE på eit seinare møte.

